



Ta omsyn til rasfare frå Englafjell!

Det er mykje snø i fjellet på begge sider av dalen og det betyr at det og kan vera fåre for ras, seier erfarne og lokalkjende folk..

Det varme og fine påskeveret har ikkje akkurat redusert fåren

Ein av dei som átvarar er Rabben-vert Steinar Myklebust som peikar opp på Englafjell og fortel at han i morgontimane i dag átvara eit par mot å gjennomføra den turen dei hadde planlagt. Det var å klatra opp på Englafjell.

Myklebust viser til dei store snøfonnane som framleis omkransar toppen og særleg ei i nærleiken av Såto. Det skal ikkje mykje til før den blir utløyst, trur han.

Han átvarar av same grunn folk om å gå opp under Manen, der det også er mykje snø.

Myklebust rådde i staden paret til å satsa på eit anna fjell, på den andre sida av dalen, til dømes Solfjell. Der er det også mykje snø, men ikkje så rasfarleg.

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen